

# Serviceerklæring Ulvik herad

## TRYGGLEIKSALARM

### Heimelsgrunnlag

Helse og omsorgslova § 3-2, pkt 6 –b), jfr. § 3-1 og Pasient og brukarrettigheitslova § 2-1 a), Forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstenestene i tillegg til reglar knytt til Forvaltningslova

### Føremål med tenesta

- Det er ei målsetjing i Ulvik herad si helse og omsorgsteneste at flest mogeleg skal kunne bu i eigen bustad så lenge dei meistrar det
- Å gi raskare hjelp i akutte omsorgssituasjonar

### Kven kan få tenesta

- Personar som av helsemessige årsaker har behov for tryggleiksalarm for framleis å kunne bu i eigen bustad:
- Personar som har lett for å ramle
- Kjenner seg svært utrygg i heimen grunna sjukdom og/eller funksjonshemming
- Er alvorleg sjuk
- Bur i ueigna bustad
- Brukar må sjølv ynskja tryggleiksalarm og forstå bruken av den

### Innhaldet i tenesta

- Alarmen er direkte tilknytt helse og omsorgstenesta i Ulvik herad, slik at du som tenestemottakar skal få rask hjelp i akutte situasjonar.
- Akutt situasjon** : brukar opplever å vera i ein akutt omsorgssituasjon som kjennest utrygg/smertefull. Denne tilstanden kjem plutselig eller i løpet av nokre timar. Brukar er avhengig av hjelp til å koma seg ut av denne situasjonen frå helsepersonell for å unngå/redusera smerter/utryggheit
- Tr.alarm skal kun nyttast når ein ikkje er i stand til å bruka vanleg telefon i akutte situasjonar.

### Kva du kan forventa av oss som tilsette

- God fagleg kompetanse og forsvarleg hjelp
- Du vil få raskare hjelp i akutt omsorgssituasjon, men ein opererer ikkje med respons-tid.

### Kva forventar me av deg som brukar

- at du er motivert for dette tilbodet og alltid går med sendaren på deg
- at du forstår bruken/funksjonen av tryggleiksalarm
- at du leverer frå deg nøkkel til ytterdør til helse og omsorgstenesta

### Rutine dersom ein vel å avslutta tenesta med tryggleiksalarm:

- Ein kan ikkje forlenga tenesta med tr.alarm dersom brukar konstant nyttar alarmen i situasjonar som ikkje oppfyller målsetjinga med tenesta
- Ein kan ikkje forlenga tenesta dersom brukar ikkje går med sendar på seg
- Slike vedtak gir rett til klage og vert ikkje effektuert før klagebehandling er avslutta

-Før nokon vert fråteken tr.alarm vil brukar få tilbod om anna tilbod frå heradet, t.d. anna butilbod (omsorgsbustad).

## **Praktiske opplysningar**

\*Ansvarleg for tenesta : Avdelingsleiar helse og omsorg.

-Det må føreliggja eigensøknad frå brukar. Den som søker om tr.alarm skal ha signert søknaden før sakshandsaming tek til.

-Søknad skal sendast til helse og omsorgsavdelinga i Ulvik

-Vurderingsbesøk vert føreteke i etterkant og skriftleg vedtak vil føreliggja innan 3 veker etter vurderingsbesøk

-Repr. frå helse og omsorgsavdelinga installerer og gir opplæring i bruk av tryggleiksalarmen

-Pris for leige av tr.alarm: Kontakt Ulvik omsorgstun/sjå nettsidene til Ulvik Herad.

- Rekning vert sendt x 1 pr mnd

## **Klage**

-Ved evt. klage på vedtaket må klagen vera skriftleg og du må grunngi kvifor du klagar og oppgi kva du ynskjer annleis

-Klagefristen er 4 veker frå du mottek vedtaket

-Viser elles til vedtak på tenesta – der du finn orientering om saksgang i ei evt. klagesak

Ansvarleg for tenesta: Avdelingsleiar helse og omsorg.

Tlf. Ulvik omsorgstun: 56527080

Adresse: Avd. helse og omsorg, Ulvik omsorgstun, Storøyeni 30, 5730 Ulvik